

Rognaldsen Eiendom AS
v/Sverre Larsen Gangstøvegen 24
5911 ALVERSUND

Referanser:

Dykkar:

Vår: 20/16847 - 20/76829

Saksbehandlar:

Astrid Riise

astrid.riise@alver.kommune.no

Dato:

02.12.2020

Registrert forsøpling og skadedyr på parkeringsplass og førehandsvarsel om pålegg om rydding og om ilegging av tvangsmulkt - gbnr 132/2,11 Soltveit nordre

Tiltak: Opprydding parkeringsplass
Byggjestad: Gbnr: 132/2,11

Alver kommune har registrert, og motteke melding, om ulovleg lagring av bilvrak, kvitevarer og anna avfall på eidedomen med gbnr. 132/2,11 (sjå vedlagte bilete). Området det gjeld er parkeringsplassen som ligg i Alverstraumen ved krysset Radøyvegen (Rv.565)/Remmo. På parkeringsplassen står ein av NGIR sine hyttekonteinere. NGIR melder no om at det ligg daude skadedyr rundt denne, og at dette utgjer ein potensiell smitterisiko, og kan difor vere ein helseisiko for deira ansatte som tømmer konteinaren, vidare at det har vore eit tilbakevendande problem med forsøpling rundt konteinaren. Det ligg blant anna bossekkar, teppar og gamle takstein på utsida av konteinaren.

Kommunen varslar med dette at vi vurderer å påleggje de som grunneigar å rydde opp på eidedomen, med gbnr. 132/2,11. I dette brevet finn de informasjon om kva de kan gjere for å unngå pålegg.

Parkeringplassen ligg i eit område der grunnboka visar at det er to eigare. Bilane står plassert over begge eidedomane og dette brevet går dermed ut til begge grunneigarane.

Kommunens oppgåve og mynde

I forureiningslova § 48 er ei av kommunale oppgåvene at kommunen skal føre tilsyn med ureiningssituasjonen i kommunen. Etter forureiningslova § 37 1. ledd kan kommunen gje pålegg ovanfor den som har oppbevart avfall i strid med § 28.

Grunngjeving for førehandsvarsel om pålegg og tvangsmulkt

Kommunen reknar bilvraka, kvitevarane, takstein og bossekkar mm. på eidedomen dykkar som avfall i forhold til forureiningslova § 27, 1. ledd.

Det er vidare etter forureiningslova § 28, 1. ledd eit generelt forbod mot å etterlate eller oppbevare avfall slik at det kan «virke skjæmmende eller være til fare eller ulempe for miljøet».

Føresegna gjeld og forsøpling på eigen eigedom. Etter føresegna i § 28, 3.ledd stillast det krav til forureinaren om å rydda opp. Då forureinaren i dette tilfelle er ukjend, rettar vi førehandsvarselet til grunneigar.

Alver kommune kan forby oppbevaring av gjenstandar «*når det etter kommunens skjønn vil gjøre opphold eller ferdsel farlig, virke sterkt skjæmmende eller være til vesentlig ulempe*», jfr. plan-og bygningslova § 28-5. Vi viser i den samanheng til at oppbevaring kan vere farleg for forbipasserande, til eksempel for born.

Som følgje av det ovannemnde vurderer kommunen å påleggje de å rydde opp.

Varsel om pålegg

Med heimel i forureiningslova § 37 1. ledd varslar Alver kommune om at vi vil påleggje dykk å rydde opp dersom **vi innan 30.01.2021** ikkje har motteke ei skriftleg tilbakemelding med dokumentasjon om at det allereie er gjort.

Med heimel i forureininglova § 73 varslar Alver kommune om at vi vil ilegge tvangsmulkt dersom **vi innan 30.01.2021** ikkje har motteke ei skriftleg tilbakemelding med dokumentasjon om at eigedomen er rydda.

Kva ansvar har ein eigar av ein eigedom?

Den som eig ein eigedom er ansvarleg for forureining og forsøpling etter forureiningslova.

Frist

Dokumentasjonen må sendast kommunen **innan 30.01.2021**.

Kva kan du gjere no?

For å unngå pålegg må De gjere følgjande:

- Fjerne bilane, kvitevarane og det andre avallet som ligg på parkeringsplassen.
- Sende oss ei skriftleg tilbakemelding med opplysningar om at dette er gjort, samt biletedokumentasjon.
- Dersom bilane skal vrakast, ber vi Dykk om å leggje ved ein kopi av kvitteringa for at bilane er levert til eit godkjent mottak.

Dykkar rettar:

De har rett til å gje uttale før det blir fatta vedtak om opprydding. Det vert gjeve ein frist på **3 veker** frå mottak av dette brevet til å svare på førehandsvarselet. Alver kommune oppmodar Dykk om å nytte uttaleretten.

Vi svarar gjerne på spørsmål på telefon 5637 5000 eller De kan sende e-post eller post til

- post@alver.kommune.no.
- Alver kommune, postboks 4, 5906 Frekhaug

Aktuelt regelverk

- Kommunens tilsynsplikt følgjer av forureiningslova § 48
- Definisjon av avfall følgjer av forureiningslova § 27
- Forbod mot forsøpling følgjer av forureiningslova § 28.
- Pålegg om opprydding eller dekning av kostnader til andre ved opprydding følgjer av forureiningslova § 37 1.ledd.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Miljø og tilsyn

Silje Haukedal
Avdelingsleiar

Astrid Riise
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Bilde

Mottakarar:

Rognaldsen Eiendom AS	v/Sverre Larsen	5911	ALVERSUND
Vestland fylkeskommune	Gangstøvegen 24 Postboks 7900	5020	BERGEN